

RETNINGSLINER FOR LANDBRUKSFONDET I NORD-FRON KOMMUNE



**Nord-Fron
kommune**

Nedregata 50
2640 Vinstra

Telefon

61 21 61 00

Telefaks

61 21 61 01

E-post

postmottak@
nord-fron.
kommune.no



1. Bakgrunn

Bakgrunn for retningslinene er vedtekter for kommunalt landbruksfond vedteke av kommunestyret i Nord-Fron 25.03.2014, sak 025/14.

2. Føremål

Føremålet med retningslinene er å klargjera bruken av kommunale tilskotsmiddel for å medverke til vidare utvikling av landbruksnæringa i Nord-Fron på ein kostnadseffektiv måte.

3. Generelle føringar

Søknad om tilskot frå landbruksfondet skal sendast Nord-Fron kommune v/ utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker (LUM). Søknaden skal innehalde godkjent plan og kostnadsoverslag. Tiltaket kan ikkje iverstetjast før det er gjeve kommunal godkjenning av plan og kostnadsoverslag, og før svar på søknad om tilskot er gjeve. Det kan i særskilte tilfelle opnast for ei førehandsgodkjenning av søknaden før han er sluttbehandla i utvalet. Søknader til landbruksfondet blir behandla så raskt som mogleg, og seinast på møtet i juni for utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker.

4. Forvaltning av tilskotsmiddel

Fondet blir forvalta av utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker i Nord-Fron kommune. Ved tildeling av middel vil utvalet foreta prioriteringar mellom søkjarane.

5. Søknadsfrist

Det er lagt opp til ein årleg søknadsomgang til fondet. Søknadsfristen skal vere innan 15.april.

6. Ulike tiltak det kan søkjast tilskot til frå landbruksfondet

Det kan søkjast tilskot frå fondet til følgjande tiltak:

- Tilskot til kjøp av mjølkekvote (statleg og privat kvote)
- Nydyrking (vilkår om at dyrkingsplan er godkjent etter nydyrkingsforskrifta)
- Tilskot til mindre tiltak ved generasjonsskifte (tiltak som fell utanfor BU-ordninga)
- Investeringsstilskot til ny drift på nedlagt gardsbruk (vilkår om drift på bruket i minst 5 år)
- Tilskot til andre føremål og tiltak (t.d. bygging av landbruksvegar, innkjøp av aggregat til seterdrift m.m.)

- Tilskot til tilleggsnæringar i landbruket – både til nyetablering og eksisterande tilleggsnæringar.

Det blir ikkje løyvd tilskot frå landbruksfondet til tiltak der det eksisterer andre finansieringsordningar (statlege ordningar).

7. Tilskotssatsar

- Tilskot til nydyrking: Kr. 2.000 pr. daa, maksimalt kr. 40.000, med vilkår om at dyrkingsplan er godkjent etter nydyrkingsforskrifta.*
- Tilskot til mindre tiltak ved generasjonsskifte (tiltak som fell utanfor BU-ordninga): Inntil 30 % av godkjent kostnad, maksimalt kr. 40.000.*
- Investeringsstilskot til ny drift på nedlagte bruk: Maksimalt kr. 40.000 pr. bruk med vilkår om drift på bruket i minst 5 år.*
- Tilskot til andre formål og tiltak: Inntil 30 % av godkjent kostnad, maksimalt kr. 40.000 pr. bruk. Det gis ikkje tilskot til grøf팅.*
- Tilskot til kjøp av mjølkekvote: Inntil 30 % av fastsett pris for både ku- og geitmjølk ved kjøp av privat kvote, og inntil 50 % av fastsett pris for både ku- og geitmjølk ved kjøp av statleg kvote, maksimalt kr. 15.000 pr. produsent.*
- Tilskot til tilleggsnæringar (gjeld både nyetableringar og eksisterande næringar): Inntil 30% av godkjent kostnad, maksimalt kr. 40.000.*

8. Utbetaling/delutbetaling av tilskot

Det kan gjerast delutbetaling med inntil 75% av løyvd sum, når minst ein tilsvarande del av arbeidet er utført.

Sluttgodkjenning/sluttutbetaling kan skje fyrst når arbeidet er ferdig og sluttrapport og rekneskap med dokumentasjon er lagt fram. Det skal førast timelister over ev. eigeinnsats, bruk av traktor etc. Godkjent eigeinnsats blir utbetalt etter fastsette timesatsar. Dersom kostnadene blir lågare enn medrekna, kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Tilskot til kjøp av mjølkekvote: Dokumentasjon/bankutskrift på at kvota er betalt skal føreliggje.

Tilskot til nydyrking: Det blir gjennomført synfaring jf. godkjenning av nydyrkinga. Arealet blir oppmålt med GPS som grunnlag for AR5.

Tilskot til landbruksveger: Det blir gjennomført synfaring i samband med godkjenning av vegen før sluttutbetaling.

Tilskot til mindre ombygging av fjøs: Mattilsynet DK Gudbrandsdal deltek i samband med sluttgodkjenning av t.d. utbetringar/ombygging av mjølkerom m.m.



**Nord-Fron
kommune**

Nedregata 50

2640 Vinstra

Telefon

61 21 61 00

Telefaks

61 21 61 01

E-post

postmottak@
nord-fron.
kommune.no



Tilskot til tilleggsnæringar: Det blir gjennomført synfaring i samband med sluttutbetaling.

9. Omdisponering av middel

Dersom ein søker ønskjer å omdisponere delar av middel frå fondet til andre føremål, skal det sendast inn søknad om dette. Administrasjonssjefen får fullmakt til å vurdere om saka må til nye behandling i utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker.

10. Arbeidsfrist/gjennomføringsfrist

Det er sett ein generell arbeidsfrist på inntil 2 år for gjennomføring av tiltak som har fått løyvd tilskot frå landbruksfondet, med unntak av nydyrking og landbruksvegar som har 3 år.

Vilkår om arbeidsfrist blir gjort gjeldande frå søknadsåret 2014.

Etter søknad kan det godkjennast at arbeidsfristen blir utsett, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd. Søknaden skal vere skrifteleg og administrasjonssjefen får fullmakt til å gjere vedtak i høve til arbeidsfrist/gjennomføringsfrist.

11. Tilbakebetaling:

Tilskotet kan krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med føresetnadane for løyvinga av tilskotet.

12. Tvil om forståing av vedtekter/retningsliner

Dersom det oppstår tvil om tolking av retningsliner/vedtekter skal administrasjonen leggje tvilsspørsmålet frå fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker.

13. Klage

Klage over vedtak skal rettast til utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker. Dersom utvalet opprettheld avgjerda, går saka til klagenemnda som avgjer klaga. Frist for å klage er 3 veker etter at vedtaket er motteke.



**Nord-Fron
kommune**

Nedregata 50
2640 Vinstra

Telefon

61 21 61 00

Telefaks

61 21 61 01

E-post

postmottak@
nord-fron.
kommune.no



14. Endring av retningslinjer

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker tek opp til evaluering vedtekter og retningslinjer ved behov.

Vedteke i Nord-Fron kommunestyre, 25.03.2014, KS-sak 025 /14 og KS-sak 031/18 den 10.04.2018.



**Nord-Fron
kommune**

Nedregata 50
2640 Vinstra

Telefon

61 21 61 00

Telefaks

61 21 61 01

E-post

postmottak@
nord-fron.
kommune.no

